


# Møteprotokoll for Heradsstyret

**Møtedato:** 20.11.2020  
**Møtestad:** Teamsmøte  
**Møtetid:** kl. 15:00 – kl. 15:35

Teamsmøte

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Aksel Mjøs	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Johannes Myklebust Bysheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem



Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Åshild Rød	V	Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

087/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
--------	---------------------------------------

088/20	Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune - forlenging av periode
--------	---

-----

Møtet vart halde som fjernmøte/nettmøte via Teams, i medhald av kommunelova § 11-7 og vedtak i heradsstyret i sak 068/20.

-----

### **087/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **20.11.2020 HERADSSTYRET**

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

### **HS - 087/20 VEDTAK:**


**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

-----

### **088/20: Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune - forlenging av periode**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**



## «Forskrift om smitteverntiltak i Osterøy kommune kan forlengast for ein ny periode frå

**23.11.2020. Ein føreset då at eventuelle endringar i forskriftsteksten og fastsetjing av forskriftsperiode vert gjort i samråd med Bergen kommune og omegnskommunane på same måte som ved førre vedtak, slik at det så langt mogleg vert felles reglar for innbyggjarar og næringsdrivande.»**

### 20.11.2020 HERADSSTYRET

#### *Innleiing til saka ved ordføraren*

- Lokal smitteverforskrift i Osterøy gjeldande til 23.11.2020
- Felles bu- og arbeidsregionen i Bergen og omegn. Diskusjon omforlenging av forskrifta pågår.
- Nytt vedtak og ferdig forskrift frå Bergen kommune ligg ikkje føre til møtet i dag.
- ordføraren ynskjer heradsstyret sitt syn på spørsmålet om forlenga forskrift for Osterøy, og om ein fortsatt skal følgja nabokommunane i dette.
- Notat frå kommuneoverlegen, sjå e-post datert 20.11.2020, er send ut til møtet.

#### Spørsmål til debatt:

- gjera vedtak om forskrift i samsvar med det Bergen vedtek, og eventuelt gje fullmakt til rådmannen om vedtak av ny forskrift i tråd med denne
- gjera vedtak om eiga forskrift for Osterøy
- forhalda seg til nasjonale retningsliner utan å vedta eigne tiltak/eiga forskrift
- ta stilling til endeleg til forskrift frå Bergen når denne ligg føre, eventuelt gje fullmakt til formannskapet til å gjera vedtak i møtet 25. november.

Kommuneoverlege Anita Sørtveit tok del i møtet og svara på spørsmål frå heradsstyret.

-----  
Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heradstyret gjev formannskapet fullmakt til å handsame og gjere vedtak i saka i førstekomande møte.


#### Grunngjeving:

Me har hatt ei regional forskrift som no går ut, og den nye forskrifta frå Bergen er ikkje klar endå. Det vil difor vere fornuftig å utsetje vedtak til etter at denne er kjent."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Eksisterande forskrift vert utvida til å gjelde fram til ny forskrift er vedteken.

#### AVRØYSTING

- |                                |   |   |
|--------------------------------|---|---|
| Alf T. Mortensen sitt framlegg | - | samrøystes vedteke (5SP,5FRP,4H,1MDG,1V,3KRF,1SV,4AP)                       |
| Tilleggsframlegg               | - | vedteke med 23 røyster (5SP,4FRP,4H,1V,3KRF,1SV,4AP)<br>mot ei røyst (1FRP) |



**HS - 088/20 VEDTAK:**

"Heradstyret gjev formannskapet fullmakt til å handsame og gjere vedtak i saka i førstkomande møte.

**Grunngjeving:**

Me har hatt ei regional forskrift som no går ut, og den nye forskrifta frå Bergen er ikkje klar endå. Det vil difor vere fornuftig å utsetje vedtak til etter at denne er kjent.

**Eksisterande forskrift vert utvida til å gjelde fram til ny forskrift er vedteken."**

-----

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Trude Tomren og Jarle Skeidsvoll

Lonevåg, 23.11.2020

Bente Skjerping  
utvalssekretær